



Markane Skyttarlag

Årsmelding 2003

Året 2003 vil gå inn i historia som eit hendingsrikt år for Markane skyttarlag, både på godt og vondt. Den tragiske bortgangen av vår gode venn og skyttarkollega Einar Øen råka oss alle veldig hardt. Han etterlet seg, etter mange si meining, eit uerstattelig tomrom. Vi vil heidre hans minne, og skyttarlaget takkar for alle gåvene til Einar's minnefond.

Av meir positiv karakter hadde aktive skyttarar og andre knytta til skyttarlaget hadde store dagar under norgescup stemna i mai. Sindre skytebane kan skilte med norgesrekord av Ola Tore Dokken med 350 poeng. Han var den første skyttar med 350 poeng på eit stemne som tel for oppføring i adelskalendaren. Av andre positive hendingar må vi ta fram, at under skyttartinget på Oppdal vart Jarle Tvinneim vald inn som ny medlem i skyttarstyret. Dette er ei svært positivt for vår region.

Styret

Styre i 2003 har vore samansett av Gunnar Øen, Andreas Solvik, Aslak Sætren, Jarle Tvinneim og Kai Nyhammer. Arne Skrede kom inn som vara etter Einar Øen.

Der har vore 11 styremøter der det har vore handsama tilsaman 34 saker.

Medlemstalet er stabilt på ca. 70 personar.

Anlegg

Anlegget vår vert stadig betre utrusta. Dei største investeringane i år var nytt høgtalar anlegg og 3 nye monitorar samt noko data utstyr for resultatservice/drift. Vi har 6 skiver på 100 meter og 10 skiver på 200m. Det manglar 3 monitorar og 1 reserve-server for at vi skal vere meir eller mindre sjølvhjelpet med elektronikk. Ellers vart det laga ein ny flott grill til norgescupen, og eit større område ned mot elva vart rydda for kratt og planert ut for å kunne nyttast til mellom anna parkering. I tillegg er det utført vedlikehald av bygningar og utstyr.

Vi har også merka ei auke i førespurnader frå andre lag og organisasjonar, om å nytte det fine uteområde vårt til ulike aktivitetar og føremål, t.d. skuleavslutning, markering av åremålsdagar, grillkveld, jegercamping etc. Alle synest vi har eit flott anlegg til slike formål.

Arrangement/aktivitet

Miniatyrseasonen starta i desember i Stryn Kulturhus og lagsmeisterskap vart avvikla 20. mars der Jarle Tvinneim vart lagsmeister med 242 poeng føre Kai Nyhammer 234 og Gunnar Øen 221.

JegerCup vart avvikla på 6 kveldar med høve for å skyte jaktprøva for storviltjakt. Vinnar i Klasse A vart Arild Seljeseth. Bilbingoen starta 18. mai med totalt 15 arrangement fordelt på søndagane utover sommaren. Det var godt fram møte og overskot også i år.

Norgescupen tok til 27.mai og er det desidert største arrangementet i skyttarlaget si historie. Stemnet gjekk over 5 dagar og samla over 600 deltakarar og er såleis ein "milepåle" både frå deltakarsida og arrangementsida i skyttarlaget.

Arrangementet på Skytingens dag, kåring av årets jeger og jaktlag vart flytta til 9 august grunna norgescupen. Arild Seljeseth vart årets jeger med 98 poeng. Årets jaktlag vart Honndalsætra. Vendefigur vart vunne av Karl Einar Svor. Stryn og Hornindal Jeger og Fisk hadde også i år open dag på skytebanen for barn og unge, der fisking stod i sentrum.

Olsokstemnet gjekk av stabelen 24- 27 juli med 211 skyttarar. Vinnar vart Idar Hersvik frå Solund med 388 poeng. Lagsmeisterskap på bane i byrjinga av september vart vunne av Jarle Tvinneim med 339 poeng.

Vi har hatt vanlege treningskveldar 2 gangar for veka, og det har i år vore arrangert 3 gongar med separate jaktprøve i tillegg til Skytingens dag og jegercupen.

Sportsleg

Skyttarane i laget har i år delteke på mange stemner rundt om i landet. Jarle Tvinnereim kvalifiserte seg også i år til finalen i Toyota Cupen og har vunne fleire opne stemne. Han vart også samlagsmeister i både miniatyrskyting og feltskyting.

Norgescup

Eit vellukka arrangement av alle tre laga, som berre har fått skryt i ettertid. Eit pent overskot vart det også. Sjå ellers eige evaluerings dokumentet.

Olsokstemnet

Olsokstemnet hadde i år ein nedgang frå 223 til 211 deltakarar. Det er likevel det største ordinære stemnet i regionen. Mykje god skyting vart vist, og best av alle var Idar Hersvik frå Solund med 388 poeng. Jarle vart nr. 3 med 387 poeng.

Ny pokal om Lagskytinga vart sett opp med Sparebanken Sogn og Fjordane som sponsor. Bertil Oddne Mjellem frå Hyen vann Olsokskytinga med 148 poeng.

Landsskyttarstemnet

Markane hadde i år 5 deltakarar på landsskyttarstemnet på Oppdal. Om ikkje alle av Markarane var nøgde med resultatane, var det iallfall framgang å spore hos nokre. Eit flott arrangement var det ialle fall.

Økonomisk

Økonomien i laget er god. Vi er gjeldfri og har eit overskot vi kan nytte til vidare investeringar og drift.

Bingoen

Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot. Med nytt høgtalar anlegg gjekk det meste forholdsvis smertefritt arrangementsmessig. Tusen takk til alle som er med og støttar opp om arrangementet.

Investeringar

Det gjenstår fortsatt nokre investeringar for at vi skal vere mindre avhengig av å låne/leige utstyr frå andre skyttarlag. Det neste på "investeringslista" er

- 3 monitorar
- 1 reserve server
- ny skivegummi på 200 meter skiver

Rekruttering

Ungdomsutvalget har i sommar hatt trening onsdagskveldane saman med skiskyttargruppa til idrettsslaget. Her har det vore prestert mykje god skyting. Samarbeidet med Barneidrettskulen i Stryn og Markane har vi vidareført og vi hatt nokre kveldar med både innandørsskyting og utandørsskyting for dei aller yngste. Det er tydeleg at skyting er noko som fengjer og at interessa er veksande.

Framtidsplanar

Til neste år er det ikkje lagt opp til noko nye arrangemang av stor karakter. Aktiviteten i år har vore så høg at det er på grensa til kva vi har kapasitet til. Teknikken gjer at det blir lettare å arrangere stemner med færre funksjonærar, men det har lett for å bli store arbeidsmengder på få personar. Målet må vere å få fleire til å lære seg å bruke det tekniske utstyret. Slik at vi kan fordele litt betre på arbeidsmengda.

Eit viktig område det **må** satsast målretta og grundig på er rekruttering. Laget er økonomisk avhengig av mellom anna bingoen. For at vi skal få løyve til å drive med bingo, må inntektene og aktiviteten kome barn og unge til gode. Så for at laget skal kunne eksistere i framtida blir det viktig å sette enno sterkare fokus på rekruttering.

Til slutt gjenstår det berre å takke for meg som formann i denne omgang. Takk til alle som har vore med å støtta oss, og lukke til med ein ny sesong.

Markane 28.10.2003

Helsing



Kai Nyhammer
-formann-